



Saksframlegg

Arkivsak-dok. 24/2988-3
Saksbehandler Liv Kirsten Eide

Utvalg	Møtedato
Miljø- og teknisk utvalg	13.11.2024
Kommunestyret	28.11.2024

Lokal jordvernstrategi for Risør og Gjerstad

Kommunedirektørens forslag til vedtak

Kommunene Risør og Gjerstad utarbeider en felles jordvernstrategi som skal være slutført og oversendt Landbruksdirektoratet innen 31.mars 2026.

Hovedtemaene i planen fremgår av saksframlegget.

Vedlegg

Matjord og arealplanlegging - LMD og KD

Vedtak - tilskudd til utarbeidelse av kommunal jordvernstrategi

Søknadsskjema for tilskudd til utarbeiding av kommunal jordvernstrategi

Kort resymé

Felles landbruksforvaltning for Risør og Gjerstad søkte Landbruksdirektoratet i august om midlar for å utarbeida lokal jordvernstrategi. Det var ein felles søknad då det både er felles landbruksforvaltning og fordi bønder driv jordbruksarealet på tvers av kommunegrensa. I september vart søknaden innvilga med kr 200 000.

Den nasjonale ordninga med tilskot til lokale jordvernstrategiar er eit ledd i auka fokus på jordvern både på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå.

Vårt hovudfokus i søknaden var stor reduksjon av gardsbruk i aktiv drift noko som vil føra til utfordringar med å halda jordbruksarealet i drift til matproduksjon, og dermed lett å ta i bruk til andre ting. Det er òg stor mangel på kunnskap om jord- og husdyrproduksjon og jorda som produksjonsgrunnlag for vårt matbord (beredskap).

Landbruksproduksjon (jordbruks-, husdyr- og skogproduksjon) er produksjonar som er langsiktige og som krev tryggleik for sitt produksjonsgrunnlag (jorda), dermed er òg arealbruk og arealplanlegging viktig.

Fristen for å utarbeide planen er av Landbruksdirektoratet satt til 31. mars 2026.

Kommunestyret skal ta stilling til om strategien skal utarbeidast, eller ikkje, og dei hovudmomenta som er foreslått som tema i strategien.

Saksopplysninger

Ordforklaring

AR5 – er eit klassifikasjonssystem for arealressursane der produksjonsgrunnlaget for jord- og skogbruk er vektlagt. Nasjonalt system.

Jordbruksareal – kulturpåverka mark som anten vert nytta til eng, beite eller åker.

Fulldyrka jord – jord som er drenert/grøfta, pløgd og kan haustast maskinelt

Overflatedyrka jord – jord som er rydda i overflata slik at ein kan hausta maskinelt

Innmarksbeite – jord som berre dyra kan hausta ved beiting

Daa – dekar (1 daa er 1000 m²)

Produksjonstilskot – PT – ordninga er bestemt over jordbruksavtalen og er eit driftstilskot for landbruksforetak som driv med plante- og husdyrbaserte produksjonar.

Jordsmonnkartlegging – føremålet med å kartleggja er å dokumentera og å stadfesta jorda sin eigenskap som ressurs. Informasjonen gjev grunnlag for avgjersler innan agronomi og arealplanlegging.

Nasjonalt fokus og tilskotsordninga

Nasjonalt har det over lang tid vore eit auka fokus på jordvern og arbeida med nasjonal jordvernstrategi for å få ned omdisponering av jordbruksareal til anna bruk enn matproduksjon (nedbygging). Den nasjonale jordvernstrategien vart oppdatert i 2023 og målet no er å ikkje omdisponera meir enn 2 000 daa jordbruksareal pr år, jf. vedlagt brev frå LMF og KD

Den nasjonale tilskotsordninga for å utarbeida lokale jordvernstrategiar vart oppretta i 2021. Fokuset har vore nedbygging av jordbruksareal, men i 2024 vart eit av kriteria for å søkja òg gjengroing. Dette opna ordninga for at Risør og Gjerstad kunne søkja.

Alt i 1955 fekk jordlova ein regel om å verna jordbruksareal som produksjonsgrunnlag for nolevande og framtidige generasjonar. I lova heiter det at:

- det ikkje lov å bruka dyrka jord til føremål som ikkje er knytta til jordbruksproduksjon
- dyrkbar jord skal ikkje disponerast slik at den ikkje seinare kan nyttast til jordbruksproduksjon.

I tillegg har lova reglar for grunneigar til jordbruksareal:

- det er driveplikt for alle eigarar i heile eigartida for alt jordbruksareal
- dersom eigar sjølv ikkje skal driva jorda kan ein inngå avtale med noko som skal, på vilkår av at det vert inngått ein skriftleg avtale på minst 10 år.

Lokale utfordringar Gjerstad kommune

I Gjerstad kommune er det i fylgje AR5 5900 daa jordbruksareal fordelt på

4 634 daa fulldyrka

186 overflate dyrka

1 018 innmarksbeite

Totalt utgjer jordbruksarealet 1,8 % av kommunen sitt totale areal på 322 140 daa.

I fylgje PT-ordninga er det 4 854 daa som er i drift knytta til jord- og/eller husdyrproduksjon. Dette betyr at det er over 1000 daa som me ikkje veit korleis vert nytta eller som ikkje er i bruk.

Ved søknadsomgangen for PT-ordninga i 2023 var det 12 aktive bruk med jord- og husdyrproduksjon.

Lokale utfordringar Risør kommune

I Risør er det i fylgje AR5 4 678 daa jordbruksareal fordelt på

4 244 daa fulldyrka

148 overflatedyrka

286 innmarksbeite

Totalt utgjer jordbruksarealet 2,4 % av kommunen sitt totale areal på 192 852 daa.

I fylgje PT- ordninga er det 2 296 daa som er i drift knytta til jord- og/eller husdyrproduksjon. Dette betyr at det er over 2 000 daa som me ikkje veit korleis vert nytta eller som ikkje er i bruk.

Ved søknadsomgangen for PT-ordninga i 2023 var det 12 jord- og husdyrprodusentar i kommunen, men det er fleire små av dei og nokre har avvikla. Kommunen har att berre 3 mjølkeprodusentar.

Dette bildet er bakgrunnen for at landbruksforvaltninga sendte søknad om tilskot til lokal jordvernstrategi (som òg er tatt inn i kommunane sin oppdaterte planstrategi).

Kommunane fekk 200 000 kr på vilkår av at

- Kommunen må fatte politisk vedtak om at jordvernstrategien skal utarbeides. Frist for å sende politisk vedtak om utarbeidelse av jordvernstrategi til Landbruksdirektoratet er 15. november 2024.

- Jordvernstrategien må ferdigstilles og sluttbehandles innen utgangen av mars 2026.

- Det må beskrives i søknaden hvordan tilskuddet skal brukes. Det forutsettes at tilskuddet inngår i kommunens samlede finansiering av arbeid med strategien. Jordvernstrategien skal sendes til Landbruksdirektoratet ved ferdigstilling.

- Den kommunale jordvernstrategien skal utarbeides i et eget dokument, som en strategi, temaplan eller kommunedelplan. Strategien kan også utarbeides som en del av landbruksplan eller temaplan landbruk. Hovedpunktene i strategien kan også være en del av kommuneplanens samfunnsdel, men analysen og vurderingene som skal ligge til grunn for strategien må komme frem gjennom et eget separat dokument.

Økonomi

Det er tildelt kr 200 000 som i utgangspunktet er tenkt brukt til tenester knytta til innhenting av kunnskapsgrunnlaget for strategien. NIBIO og Norsk Landbruksrågivning AS er sentrale aktørar på dette området.

Kommuneplan

Kommunane skal leggja til rette for landbruket og då er det å ta vare på jordbruksareal som produksjonsgrunnlaget for noverande og framtidig matproduksjon særst viktig. Jordbruksareal er ein ikkje-fornybar ressurs som det tar mange tusen år å byggja opp. Nydyrka jordbruksareal vil ikkje erstatte gamal jord som vert bygd ned med tanke på produksjonskapasitet.

Jordvern handlar om matproduksjon og om beredskap, men i tillegg handlar det òg om naturmangfald, å dempa flom og karbonbinding.

Folkehelse og levkår

Landbruk gjev levande bygder som skapar verdiar, arbeidsplassar og gode lokalsamfunn.

Klima og miljø

Eit godt jordvern bidreg til å oppretthalda naturmangfaldet og å dempa flom i tillegg til at jorda bind karbon. Aktivt drevne jorder og godt skogbruk er i fylgje fagkyndige på jord og skog er betre enn at det gror att med kratt fordi det bitt meir karbon.

Næringsperspektiv

Det er potensiale for meir lokal matproduksjon, særleg knytta til frukt og grønt. Mindre produserte mengder som ikkje får leveringsavtalar med for eksempel BAMA kan omsetjast lokalt.

Vurderinger

Arbeidet med strategien er tenkt organisert slik:

Styringsgruppe:

Risør – Miljø og teknisk utval

Gjerstad – Formannskapet

Prosjekt/Arbeidsgruppe:

Heidi Rødven, einingsleiar plan og bygg, Risør – prosjektansvarleg

Liv Kirsten Eide, jordbrukssjef - prosjektleder

Frode Lindland, skogbrukssjef

Tonje Berger Ausland, einingsleiar Samfunnsenheten, Gjerstad

Berit Weiby Gregersen, samfunnsplanleggjar, Risør

Referansegruppe:

Næringsorganisasjonane i landbruket (Bondelag, Bonde- og småbrukarlag, Geit og sauavslag, Skogeigarlag)

Naturvernforbundet

Jordvern Agder

Støttespiller:

Statsforvalteren ved Landbruksavdelingen

Arbeidet vil følge Landbruksdirektoratet sin rettleiar for utarbeiding av kommunal jordvernstrategi.

Hovudtemaene i jordvernstrategien

Med få produsentar att i kommunane kan det verta ei utfordring å bruka alt arealet og ein ynskjer i jordvernstrategien å fokusera på:

1. Kartleggja kvar jordbruksarealet vårt er

Dei største jordbruksområda våre er i aktiv bruk, men som oversikta ovanfor syner er det mykje areal som ikkje landbruksnæringa har i bruk. Ein må kartleggja kvar dette arealet er og kvifor det ikkje er i bruk ev få oversikt over dei områda som er nytta til hobby som til dømes hest. Driveplikta inneber ikkje at jorda vert nytta til næring så bruk gjennom hobby er eit godt alternativ.

2. Kva eignar jordbruksarealet seg til

NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi) har over lang tid gjennomført jordsmonnkartlegging, men ikkje i våre kommunar. Det er likevel eit mål å få ein oversikt over areal som kan nyttast til korn, frukt og grønproduksjon då det er eit regionalt mål å auka denne produksjonen, jf. Fylkeskommunen sin landbruksstrategi og retningslinjene til Innovasjon Norge.

3. Auka produksjon av lokal mat – nye næringar

Oversikten ovanfor kan nyttast til å oppfordra til auka lokal matproduksjon som kan omsetjast via lokale ledd (Bondens marknad, gardsbutikkar, rekoring mm). Kanskje det kan vera mogeleg å få til eit lokalt matprodusent-nettverk i kombinasjon med opplevingar.

Det er stor interesse for andelslandbruk fleire stader. Kanskje dette òg kan vera eit tiltak om ein finn ein eigna stad.

4. Informasjon og kunnskap

Færre bondefamiliar fører til mindre kunnskap om matproduksjon. Kunnskapen forsvinn fort. Det er flest av dei eigarane som ikkje er bønder. Det må lagast informasjon kva som må til for å driva jorda, ikkje leggja hindringar i vegen som å setja bilen på jordet, rota til gjerdene eller gå i frå kvist og kvasst på jordet etter vedhogst, men i staden leggja til rette slik at det vert greitt å koma med slåttestyret eller beitedyra. Jorda er matlageret vårt.

5. Kommuneplanens arealdel (KPA)

Sidan jord- og husdyrbruk er langsiktige produksjonar er arealplanlegging viktig. I kommuneplanen skal ein ta omsyn til jordvern ved å leggja inn reglar som har betydning for næringa. Det kan vera bygg- og delegrenser til jordbruksareal, særlege omsynssoner for jordbruket, reglar for husdyrgjerder i strandsona eller byggereglar for landbruksbygg. I tillegg må alle innspel konsekvensutgreiast der omsynet til landbruket skal skildrast og vektleggjast.

I Gjerstad kommune er kommuneplanen straks ferdig. Strategien vil gje føringar for komande rulleringar.

Risør kommune er i gang med rullering av arealdelen av kommuneplanen og arbeidet med jordvernstrategien vil skje parallelt og kan dermed bringa jordvernfokusert godt inn i dette arbeidet.

Kommunedirektørens konklusjon

Jordvern er viktig og har fått eit auka fokus dei siste åra av grunnar som nemnt ovanfor.

Tilskotet hjelper oss og gjer det mogeleg for kommunane å henta inn kunnskapsgrunnlag slik at ein kan utarbeida ein strategi. Strategien kan synleggjera areal og at det kan vera mogeleg med meir småskalaproduksjon lokalt.

Strategien kan òg nyttast i samband med arealplanlegging på detaljnivå